



LANGTIDSPLAN vedteke på Landsmøtet 2023

Verdigrunnlag

FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans har som føremål å arbeide for at folkemusikken og folkedansen i Noreg skal få ei sterkare rolle og betre vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse.

Levande folkemusikk- og dansetradisjonar i Noreg står for eit mangfald av ulike sjangrar og lokale variantar. Dei har fått si form gjennom langvarig bruk og utgjer fullverdig kunst i seg sjølv. Ei styrking, synleggjering og formidling av dei levande folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sentralt i FolkOrg sitt arbeid, og organisasjonen skal som ei naturleg følgje av ei levande tradisjonsforståing fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

FolkOrg vil sikre best moglege vilkår for lag, utøvarar, medlemmer, arrangørar og publikum. Dette er med på å sikre høgt kunstnarleg nivå, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane på området.

Visjon

Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikk- og danseglede, og vil vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon.

Mål

Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt.

- Det skal vere attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og folkedans.
- Det skal vere attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det skal vere attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Folkemusikken og -dansen i Noreg skal vere kjent og synleg nasjonalt og internasjonalt

- Interesse for og kunnskapen om folkemusikk og folkedans skal auke.
- Omtale og bruk av folkemusikk og folkedans skal auke.

FolkOrg skal vere ein viktig ressurs på folkemusikk- og folkedansfeltet.

- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene.
- Det skal vere attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg skal vere ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør.
- FolkOrg skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar.

Vi vil nå måla gjennom:

Rådgiving/opplæring/service

Vi skal:

- drive rettleiing – i faglege spørsmål, søknader o.a.
- arrangere og informere om seminar og kurs
- initiere utvikling av og informere om kompetansemateriell på feltet
- informere om søknadsfristar og aktuelle faglege oppdateringar
- informere om og vidareutvikle medlemsfordelar/avtaler
- dele ut tilskot / forvalte tilskotsordningar
- ha aktiv medlemskontakt og -dialog
- ha aktiv kontakt med lokallag, områdelag og arrangørnettverket i FolkOrg
- sørge for eit oppdatert medlemssystem

Formidling/arrangement

Vi skal:

- legge til rette for attraktive møteplassar for medlemmer og samarbeidspartnarar:
 - legge til rette for og vidareutvikle *Landskappleiken*
 - legge til rette for og vidareutvikle *Landsfestivalen i gammaldansmusikk*
 - arrangere og vidareutvikle *Folkelarm*
 - arrangere og vidareutvikle *INTRO-folk*
- dele ut prisar

Informasjon / opplysning

Vi skal:

- drifte og utvikle tidsskriftet *Folkemusikk* og den tilhøyrande nettsida *folkemusikk.no*
- informere og opplyse om folkemusikk og folkedans
- synleggjere folkemusikken og folkedansen
- drifte og utvikle nettsida *folkorg.no* og andre informasjonsplattformer.

Påverknad/samarbeid

Vi skal:

- betre rammevilkåra for feltet vårt, gjennom høyringar, påverknad, samarbeid osv.
- delta aktivt i det offentlege ordskiftet
- skape og ta initiativ til nettverk/kontaktar/samarbeid

SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2023-2025

Lag og medlemmer	Informasjon / formidling / dokumentasjon	Folkedans	Utøvarar og arrangørar	Kulturpolitisk arbeid
<p>Dextrasatsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjektet.</p> <p>Følgje opp og vidareutvikle prosjektet "FolkLeiarUng"</p> <p>Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning.</p> <p>Arbeide for at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle.</p> <p>Fullføre arbeidet med ei ressurside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar</p>	<p>Gjennomføre 100-årsjubileet for FolkOrg/Landslaget for Spelemenn.</p> <p>Vidareutvikle informasjonsstrategien for internt og eksternt informasjonsarbeid.</p> <p>Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre.</p> <p>Skape større medvit kring og kompetanse om folkemusikk og folkedans i samfunnet.</p>	<p>Samarbeide med laga om å styrke folkedansen og auke talet på dansearrangement.</p> <p>Stø opp om arbeidet i laga med å rekruttere og lære opp danseinstruktørar.</p> <p>Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans ved Universitetet i Sørøst-Noreg og ei landsline i folkedans på Vinstra vidaregåande skule.</p> <p>Arbeide for ei forståing og praktisering av dansen som ein levande og grunnleggjande musikalsk tradisjon</p>	<p>Skape faste møteplassar for utøvarane.</p> <p>Marknadsføre portalen folkartist.no, halde han aktuell og oppdatert, og evaluere ordninga etter 2025.</p> <p>Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren, og jobbe for alternative godtgjersleordningar til utøvarar av tradisjonsmusikk.</p> <p>Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.</p> <p>Arbeide for saker som er viktige for yrkesutøvarane og samarbeide med andre aktørar der det er naturleg.</p>	<p>Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv.</p> <p>Stø opp om arbeidet med å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva.</p> <p>Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverv for sjangeren.</p> <p>Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur.</p>